

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 264/2022

av 23. september 2022

om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonsavgjerd (EU) 2022/1229 av 11. juli 2022 om endring av avgjerd 2014/312/EU, 2014/391/EU, 2014/763/EU, (EU) 2016/1332 og (EU) 2017/176 med omsyn til gyldighetstida for EU-miljømerkekriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonsavgjerd (EU) 2022/1244 av 13. juli 2022 om fastsetjing av EU-miljømerkekriteria for dyrkingsmedium og jordbetringsmiddel⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Avgjerd (EU) 2022/1244 opphevar kommisjonsavgjerd (EU) 2015/2099⁽³⁾, som er teken inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 4) Vedlegg XX til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XX til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Teksta i nr. 2d (kommisjonsavgjerd (EU) 2015/2099) skal lyde:

”**32022 D 1244:** Kommisjonsavgjerd (EU) 2022/1244 av 13. juli 2022 om fastsetjing av EU-miljømerkekriteria for dyrkingsmedium og jordbetringsmiddel (EUT L 190 av 19.7.2022, s. 141).”

2. I nr. 2v (kommisjonsavgjerd 2014/312/EU), 2w (kommisjonsavgjerd 2014/391/EU) og 2zo (kommisjonsbeslutning 2014/763/EU) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32022 D 1229:** Kommisjonsavgjerd (EU) 2022/1229 av 11. juli 2022 (EUT L 189 av 18.7.2022, s. 20).”

⁽¹⁾ TEU L 189 av 18.7.2022, s. 20.

⁽²⁾ TEU L 190 av 19.7.2022, s. 141.

⁽³⁾ TEU L 303 av 20.11.2015, s. 75.

3. I nr. 2zb (kommisjonsbeslutning (EU) 2017/176) og 2zd (kommisjonsbeslutning (EU) 2016/1332) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

- **32022 D 1229**: Kommisjonsavgjerd (EU) 2022/1229 av 11. juli 2022 (EUT L 189 av 18.7.2022, s. 20).”

Artikkel 2

Teksta til avgjerd (EU) 2022/1229 og (EU) 2022/1244 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 24. september 2022, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 23. september 2022.

For EØS-komiteen

Kristján Andri Stefánsson

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.